



KVBR
Kvam brann- og redningsteneste

KVAM HERAD			
Arkivsaknr.:	09/970		
Dato	17 DES. 2009		
Dok.nr.:	7	Saksh.:	BWO
Arkiv:	550	Ark.A:	

AVTALE
mellom
Kvam brann- og redningsteneste
(heretter kalla KVBR)
og

Kvam Security, 5600 Norheimsund
(heretter kalla KS)

Om utrykking til alarmer frå automatiske brannalarmanlegg.

1. Formål

Sikra rask utrykking til bustad, bygning anlegg og liknande med automatisk brannalarmanlegg.

Avtalen skal gi Fagsentral 110 for Hordaland i Bergen (heretter kalla F.110), høve til å utalarmera KVBR innafor og utafor sitt ansvarsområde ved motteke automatisk brannalarm tilknytt KS.

Avtalen gjeld tilhøve der eigar har valdt å knyta eit automatisk brannalarmanlegg utplassert av KS med varsling til sin vaktentral, og vidare til F.110.

2. Prosedyre

Når F.110 mottok brannalarm frå KS sin vaktentral, Infratek Sikkerhet, skal fylgjande prosedyre fyljast:

2.1. F.110 varslar med **Gruppealarm** til KVBR om automatisk brannalarm.

2.2. KVBR kvitterar på samband til F.110, og rykkjer ut til oppgjeven adresse.

2.3. Får F.110 **sikker** melding om brann, skal KVBR varslast med **Full Alarm**.

3. Tilgang til objekt

- 3.1. KVBR forpliktar seg å oppbevare universalnøkkel tilhøyrande KS på ein sikker måte, slik at han kan brukast for tilkomst til bygning ved utryking. KVBR skal ikkje kunne haldast økonomisk ansvarleg for skadar mv. grunna tap av slik nøkkel.
- 3.2. Alle kundar tilknytt KS skal ha tydeleg identifisering på utsida (ved hovudinngang), om at masterkey kan brukast.
- 3.3. KVBR er ikkje forplikta til å venta på vektar frå KS, men vil etter Utrykningsleiar sitt skjøn, ta seg inn i bustaden utan nøkkel dersom dette vert vurdert som nødvendig.
- 3.4. KVBR er ikkje ansvarleg for eventuelle skadar som måtte bli påført bustad/bygning mv. som følgje av at utrykingspersonell må ta seg inn utan nøkkel. Dette gjelde dersom nøkkel vert bortkomen.

4. Økonomi

- 4.1. Kvam Security klargjør ovanfor sine kundar med abonnement på brannalarm, at dei sjølv avgjer om brannvesenet samstundes skal varslast ved utløyst brannalarm.
- 4.2. Varsling vil skje frå Infratek Sikkerhet til Fagsentral 110 Hordaland, og vidare til KVBR.
- 4.3. Dersom ein kunde sin utløyste brannalarm viser seg å være **unødig**, - KVBR er varsla så langt at vaktpersonell har fått **oppmøte**, skal KS betala KVBR for kva **oppmøte** kostar KVBR.
- 4.4. Satsane for unødig utryking finnast i eiga vedlegg til denne avtalen. *Sjå vedlegg.*
- 4.5. Kvam herad v/ KVBR, får dekt sine utgifter ved unødig alarm ved at KS betalar direkte til Kvam herad v/ KVBR innan 30 dagar etter hending.
- 4.6. Dialog/samarbeide mellom Kvam Security og Kvam herad skal årleg evaluerast ein gong, og over dette ved behov frå ein av partane.

5. Lengd og oppseiing

Kontrakten gjeld frå 17.12.2009 og til han blir sagt opp av KVBR eller KS. Partane har tre – 3 månadar gjensidig oppseiing.

6. Tvister

Eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med denne avtale skal løysast ved forhandlingar. Lukkast ikkje dette, skal dei løysast ved dei ordinære domstolar med Norheimsund tingrett som verneting.

Norheimsund, den 17.12.2009

Kvam brann- og redningsteneste



Bjørn Johansen
Brannsjef

Kvam security



Morten Garen
Dagleg leiar

Vedlegg:
Økonomi

Vedlegg til avtale mellom KVBR og Kvam Security.

4. Økonomi.

Satsane før unødig utrykkjing:

- Frå kl. 0600 til kl 1530 = Kr. 650,-
- Frå kl. 1530 til kl. 2100= Kr. 900,-
- Frå kl. 2100 til kl. 0600= Kr. 1.150,- (alle satsar tilleggas eit administrativt påslag på kr. 150,-)
- Nemne satsar er for **Gruppealarm** (5 personar) med tillegg av kr. 15,- per time som er risikotillegg. *Jf. HTA gjeldane frå 1. januar 2010.*
- Satsane ved **Full alarm** blir etter kor mange av KVBR sin styrke som møter med minimum 2 timar. *Jf. særavtale for brannfolk.*
- Satsane vert regulert ein gong kvart år samtidig med KVBR si lønnsjustering.